



**Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg
og lindrande behandling i Sogn og Fjordane**

Årsrapport 2017

Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane



Innhald

1.0	Mål for nettverket	s. 3
2.0	Arbeid med drift av nettverket	s. 3
2.1	Møte i driftsgruppa	s. 3
2.2	Møte i styringsgruppa	s. 3
3.0	Arbeid i lokalgruppene	s. 4
3.1	Introduksjonskurs	s. 4
3.2	Årleg fagdag	s. 4
3.3	Lokale samlingar i nettverksgruppene	s. 5
4.0	Utviklingsarbeid	s. 6
5.0	Pasient- og pårørandearbeid	s. 7
6.0	Presentasjon av nettverket	s. 8
7.0	Informasjonsutvikling i nettverket	s. 9
8.0	Økonomi	s. 9
9.0	Årleg rapportering frå ressursjukepleiarar og leiarar	s. 9
10.0	Oppsummering	s.10

1.0 Mål for nettverket

Målet for nettverket er å sikre kvalitet og kontinuitet i pleie- og omsorgstilbudet til kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling. Omsorgstilbudet skal også inkludere pårørende. Målet er at pasienten og familien skal oppleve god kvalitet, tryggleik og samhandling i alle nivå av helsetenesta.

Årsplan for nettverket skal vere med å sikre at måla for nettverket blir tatt i vare. Årsplanen er utforma i tråd med kompetanseplanen for nettverk av ressursssjukepleiarar og gjeldande strategi for nettverka i kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest.

Årleg rapporterer ressursssjukepleiarane og deira leiarar på ulike kvalitetsindikatorar knytte til nettverket. Rapporteringa har som hensikt å sjå om mål er oppnådd i forhold til årsplanen og strategiplanen for nettverket. Ei oppsummering av rapporteringa vert presentert på årleg fagdag.

I 2017 var det 61 ressursssjukepleiarar og 43 leiarar som sende inn rapporteringsskjema til KLB. Hovudtrekk frå denne rapporteringa vil bli presenterte i avsnitt 8.0.

2.0 Arbeid med drift av nettverket

Sjukepleiarnettverket er delt opp i fire lokale nettverksgrupper. Ei driftsgruppe med representantar frå dei fire gruppene og samarbeidspartane i nettverket har ansvar for samlingar og rutinar knytte til nettverksarbeidet. Per 31.12.17 var det 106 ressursssjukepleiarar i Nettverk av ressursssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane. Dei kjem frå 25 av 26 kommunar, dei tre sjukehusa i fylket og frå Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. I tillegg er 6 kreftkoordinatorar tilknytte nettverket. På kvar av dei medisinske avdelingane på lokalsjukehusa i Lærdal og på Nordfjordeid er det 2 ressursssjukepleiarar. Førde Sentralsjukehus har følgjande ressursssjukepleiarar: 1 på Medisinsk avdeling, 2 på Nevrologisk avdeling, 2 på Kirurgisk avdeling, 1 på Kirurgisk poliklinikk, 1 på kreftsengeposten og 1 på kreftpoliklinikk. Driftsgruppa har i 2017 sendt førespurnad om å få med ressursssjukepleiarar frå andre medisinske avdelingar med ikkje-maligne sjukdomar. Det vil vere ein ressurs for kompetansebygginga i nettverket å få med ressursssjukepleiarar frå desse avdelingane, og vi håpar difor at dette vil bli ein realitet i 2018.

2.1 Møte i driftsgruppa

Driftsgruppa har hatt fire møte i 2017. Det føreligg referat frå alle fire møta. Sakene som har vorte handsama, er i hovudsak samanfallande med årsrapporten.

Det har ikkje vore utskifting av medlemar til driftsgruppa i 2017.

Det har vore jobba med å skaffe eit nytt medlem til driftsgruppa. Det står i Delavtale om drift av nettverket at driftsgruppa skal ha to representantar frå pleie- og omsorgstenesta. Det skal vere ein leiar og ein ressursssjukepleiar. Leiar i nettverket har jobba med å få inn ein leiar frå pleie- og omsorgstenesta. Det lukkast ikkje å få på plass nytt medlem til driftsgruppa innan utgangen av 2017.

2.2 Møte i styringsgruppa

Styringsgruppa har hatt to møte i 2017. Det føreligg referat frå begge møta. Ved styringsgruppemøtet 7. november kunne vi ynskje velkomen 2 nye medlemar, det var: Ingunn Solheim Terøy, avdelingssjef Kreftavdelinga Helse Førde, og Mariann Kapstad, spesialist i allmennmedisin og sjukeheimsoverlege Førde Helsetun / medisinsk ansvarleg lege Førde legesenter.

3.0 Arbeid i lokalgruppene

3.1 Introduksjonskurs

Kurset vart gjennomført 22. mai 2017 med 15 ressursssjukepleiarar og 3 leiarar. Kurset vart gjennomført i samsvar med kompetanseplanen for nettverket for å gje ei innføring i rolla som ressursssjukepleiar. Bruk av kartleggingsverktøy og retningslinjer for symptomlindrande behandling blir brukt som kvalitetsindikatorar for det kliniske arbeidet. Deltakarane blei introduserte for ulike verktøy som ESAS-r og individuell plan (IP), og dei fekk presentert nasjonale retningslinjer. For å få ei overordna forståing av kreftbehandling i Norge, gav avdelingsoverlege Geirfinn Vagstad ved Kreftavdelinga deltakarane ein gjennomgang av oppbygging av kreftomsorg nasjonalt, regionalt og lokalt.

Deltakarane fekk også ei innføring i ressursssjukepleiarrolla. Ressursssjukepleiar Wenche Hess og hennar leiar Line A. Hjorthaug frå Naustdal fortalde om korleis dei utførte sine oppgåver som ressursssjukepleiar og leiar. Avdelingssjukepleiar Evelyn Stavang frå Kirurgisk avdeling ved Sentralsjukehuset i Førde fortalde om sin ståstad som leiar for ressursssjukepleiarane der. Deltakarane hadde gruppearbeid der dei jobba med å setje seg mål for rolla som ressursssjukepleiar på eigen arbeidsplass. 12 deltakarar leverte evaluering, med positiv tilbakemelding på introduksjonskurset.

3.2 Årleg fagdag

Den årlege fagdagen for nettverket vart gjennomført 7. februar 2017. Tema: «Med fokus på heimetid og heimedød for den palliative pasienten». Dagen hadde totalt 143 deltakarar, deriblant 20 legar, 17 leiarar og 10 fysioterapeutar/ergoterapeutar. Fagdagen var godkjent som kurs for fastlegar.

Dagen starta med ein presentasjon av hovudtrekk frå den årlege rapporteringa frå ressursssjukepleiarar og leiarar. Nyhende frå Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest blei formidla av Dagny Faksvåg Haugen, før dagen vidare blei vigd til temaet.

Vi fekk eit sterkt møte med Kari Eldal som var pårørande til ei døyande mor med kreft. Ho skildra sterkt siste tida familien fekk ha saman med mora før ho døyde i heimen. Lege i Palliativt team Helge Sårheim fortalde om tverrfagleg samarbeid som verktøy for å gje meir heimetid til den palliative pasienten. Han presenterte også bruk av medikamentpumpe, råd om konvertering og dei medikamenta som kan nyttast subkutant i medikamentpumpe. Lungelege Rune Tilseth hadde eit engasjerande føredrag om palliasjon til pasientar med dyspne og korleis dei best kan hjelpast i heimen. Vi fekk vidare høyre fastlege Anette Ester sine tankar om fastlegen sin rolle ved palliasjon i heimen.

Dagen blei avslutta med paneldebatt der vi fyrst hadde fått presentert eit case over ein heimesituasjon for ein palliativ pasient. I panelet sat: Ressursssjukepleiar Pia Gjørsvik Kvernevik, Vågsøy, kreftsjukepleiar Karianne Røssummoen Øyen, Palliativt team, pårørande Kari Eldal og fastlege Anne Stubdal frå Stryn. Debatten blei leia av leiar for styringsgruppa Geir Andvik. Den årlege fagdagen blei svært godt evaluert.



Årleg fagdag 2017

3.3 Lokale samlingar i nettverksgruppene

Det er blitt arrangert to samlingar i kvar av dei fire lokalgruppene, ei vår og ei haust. Hovudtema for lokalsamlingane er henta frå kompetanseplanen.

Tema vår 2017 :

- «Ressursjukepleiarfunksjonen – utveksling av erfaringar». Alle ressursjukepleiarar fekk dele sine erfaringar gjennom runde rundt bordet.
- «Angst, uro og depresjon hjå kreftpasientar og den palliative pasienten». Leiar i nettverket våren 2017, Kristin Vassbotn Guldhav, hadde førebudd dette temaet. Ressursjukepleiarane fekk ei innføring i kva som skil ein klinisk depresjon frå det å føle seg deprimert. Undervisninga vart følgt opp med at ressursjukepleiarane hadde gruppearbeid rundt temaet det var undervist i.
- «Eigen turnus ved dødsfall i heimen». Regional medarbeidar i KLB Marit Eikemo Halsnes presenterte eit prosjekt som dei har hatt i Fjaler kommune. Presentasjonen gav stort engasjement og inspirasjon til å utvikle turnusar på eigen arbeidsplass.

Tema haust 2017:

- «Ressursjukepleiarfunksjonen – utveksling av erfaringar». Alle ressursjukepleiarane fekk dele sine erfaringar gjennom ein runde rundt bordet. Vi bad dei særleg nemne om dei fekk tid avsett til oppgåva som ressursjukepleiar, og om dei hadde skrive arbeidsplan saman med leiar. Vidare vart dei utfordra til å fortelje om dei hadde hatt undervisning om IP eller ESAS-r, og om «Livets siste dagar» var innført på arbeidsplassen deira.
- Leiar i nettverket Marthe Hauge Aase hadde undervisning med påfølgande gruppearbeid på lokalgruppesamlinga. Tema var delt i to. Fyrste del handla om korleis alvorleg sjukdom påverkar den sjuke og dei pårørande. Del 2 tok føre seg kommunikasjon inn mot denne gruppa. Her fekk ressursjukepleiarane innblikk i korleis ein kan kommunisere med opne og lukka spørsmål, spegling, reformulering, aktiv lytting, korleis bruke nøkkelord og uttrykk og korleis møte sinne og raseri. Ressursjukepleiarane fekk også ei kort innføring i SPIKES, ei rutine for informasjonsamtalar.

Oversikt over møte ressursjukepleiarar på lokalsamlingar i 2017

Lokalgruppe	Arrangør/ Kommune	Ressursjukepleiarar	Kollegaer og andre som møtte etter lunsj
Vår 2017			
Sunnfjord/Sogn I 27.02.2017	Førde	16 ressursj.pl møte 5 forfall	1 fastlege 1 ergoterapeut 3 spl.stud.
Sunnfjord/ Sogn II 07.03.2017	Hauglandssenteret	14 ressursj.pl møte 4 forfall	
Nordfjord 20.03.2017	Hornindal	15 ressursj.pl. møte 8 forfall	1 fastlege
Indre Sogn 26.04.2017	Balestrand	14 ressursj.pl møte 3 forfall	4 kollegaer 1 ergoterapeut 2 spl.stud.
Haust 2017			
Indre Sogn 30.08.2017	Leikanger	16 ressursj.pl møte 4 forfall	1 ergo/1 fysio
Nordfjord 12.09.2017	Stryn	18 ressursj.pl. møte 9 forfall	
Sunnfjord/ Sogn I 03.10.2017	Florø	21 ressursj.pl møte 4 forfall	
Sunnfjord/ Sogn II 24.10.2017	Høyanger	17 ressursj.pl møte 3 forfall	12 kollegaer 1 fastlege 1 ergo/1 fysio

4.0 Utviklingsarbeid

- **Felles undervisningsmalar**

Kompetansesenter i lindrande behandling har utvikla felles undervisningsmalar. Malane kan vere eit fint utgangspunkt for ressursjukepleiarane si undervisning til kollegaer. I 2017 er desse malane sendt til kvar enkelt ressursjukepleiar på epost. Det har vore poengtert på alle lokallagssamlingar at desse malane er tilgjengelege, og vi har oppmoda alle ressursjukepleiarane til å gjere seg kjende med desse og å ta dei i bruk på arbeidsplassen sin.

- **Møte med fastlegar.**

Det er eit ynskje at fastlegane møter på siste del av lokalgruppesamlingane. Dei vert då gjeven høve til å fortelje litt om sin kvardag og sine erfaringar omkring samhandling til pasientgruppa som nettverket er ein ressurs for. Tre fastlegar har hatt høve til å møte i 2017 (ein fastlege kunne ikkje møte som avtalt pga sjukdom).

Årleg fagdag er eit tiltak for å forbetre samhandling og samarbeid. I 2017 har driftsgruppa samarbeidd med praksiskonsulent og lege i onkologi for å utforme program for årleg fagdag i 2018.

- **Andre samarbeidspartar**

Ressurssjukepleiarane og palliativt team har stor nytte av kvarandre i det daglege arbeidet.

Ergoterapeutar og fysioterapeutar frå vertskommunane har vore inviterte inn på delar av møta til dei lokale nettverksgruppene i 2017.

- **Samarbeid mellom ressursjukepleiarnettverka i Helseregion Vest**

Leiarane for driftsgruppene har to møte i året. Her blir saker som er felles i dei fire nettverka, tatt opp, spesielt gjeld det gjennomføring av KLB sin kompetanseplan og erfaringsutveksling om drifta av nettverka.

- **Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling Helsefag om vidareutdanning i lindrande behandling**

Mange av ressursjukepleiarane i nettverket er blant dei som har teke denne utdanninga. Førelasarane har høg kompetanse innan sine fagfelt. Tilsette i KLB og Palliativt team har vore mellom førelasarane. I august 2017 vart det starta opp eit nytt kull for del 1 i Lindrande behandling. 4-5 av ressursjukepleiarane i nettverket deltek på denne modulen. Der er og ressursjukepleiarar som er i gong med vidareutdanning i kreftsjukepleie ved andre undervisningsinstitusjonar.

- **Hospitering**

I 2017 har berre ein ressursjukepleiar nytta seg av tilbod om å hospitere på Kreftavdelinga, ein dag på poliklinikk og ein dag på sengepost. Hospiteringa kan bidra til auka kunnskap gjennom erfaringsutveksling, og betre samhandling.

Fagutviklingssjukepleiar ved Kreftavdelinga i Helse Førde organiserer hospiterings-tilbod for sjukepleiarar i kommunehelsetenesta.

I 2017 har Helse Førde ikkje fått til at ressursjukepleiarar frå sjukehusa har hospitert ut i kommunane. I den årlege rapporteringa kjem det fram at det er vanskeleg å få avsett tid til hospitering i ein travel arbeidskvardag, men at fleire ynskjer å få det til.

- **Palliative fagdagar**

To gongar i året arrangerer Kompetansesenter i lindrande behandling i samarbeid med Sunniva senter fagdagar i grunnleggjande palliasjon. I 2017 søkte tre ressursjukepleiarar middel til å delta på desse dagane i Bergen.

5.0 Pasient- og pårørandearbeid

Ressursjukepleiarnettverket skal bidra til at pasientar med kreft og pasientar med behov for lindrande behandling får tilbod om hjelp utifrå den sjukdomsfasa dei er i, både i 1. og 2. line tenesta. Tilbodet skal også ivareta pårørande. Ressursjukepleiarane i kommunen blir kontakta om pasientar frå sjukehuset, fastlegen, kreftkoordinator eller andre i kommunen. Dei fleste ressursjukepleiarane besøker pasientane heime. Ofte er det også pårørande til stades. Der det lar seg gjere, møter ressursjukepleiar frå kommunen på samarbeidsmøte på sjukehuset før heimreise. Ressursjukepleiaren tilpassar tilbod etter behov. Få ressursjukepleiarar har nytta individuell plan (IP) i møte med pasientane sine. Sjå punkt 9.0. Det blir

stadig jobba for å auke bruken av IP, men verktøyet er ikkje lett å implementere når det er ulike datasystem i sjukehus og kommune. Styringsgruppa og driftsgruppa har oppmoda ressursjukepleiarane til å nytte Kompetansesenter i lindrande behandling sin versjon av individuell plan, sidan denne er meir tilpassa pasientgruppa for nettverket enn Helse Førde sin versjon, men kommunane står fritt til å velje.

Nordfjordkommunane har i perioden 2016-2017 gjennomført prosjektet Norpal. Det er 14 kommunar som nå er klare for å innføre den palliative planen som er utvikla i prosjektet. Planen er integrert i kommunane sitt kvalitetssystem, der det og ligg ei rekke faglege ressursar, anbefalingar og prosedyrar. I Nordfjordkommunane vil palliative plan bli brukt i staden for ein «vanleg» IP for dei palliative pasientane. Nokre av ressursjukepleiarar skreiv i årleg rapportering at dei allereie nyttar denne palliative planen.

Fleire av ressursjukepleiarane i fylket er saman med Kreftforeningen aktive med å drifte Treffpunkt-kafear for kreftpasientar og pårørande.

6.0 Presentasjon av Nettverket

- Nettverket vert presentert i fora der ressursjukepleiarane eller medlemar av drifts- og styringsgruppa deltek og gjennom informasjonsfoldar. Ressursjukepleiarane i fleire kommunar har laga eigen foldar som mellom anna vert presentert på kommunen si heimeside. Marknadsføring er og gjort gjennom presentasjon av ressursjukepleiar sin funksjon i bygde-/lokalaviser.
- Nettverket blei presentert på ein stand ved Sentralsjukehuset i Førde i anledning markering av Verdsdagen for lindrande behandling 13.10.17. Standen blei godt besøkt både av pasientar, pårørande og tilsette. Dette var eit samarbeid mellom Nettverk av ressursjukepleiarar i Sogn og Fjordane, Palliativt team i Helse Førde og kreftkoordinator i Førde kommune. Markeringa starta i auditoriet på FSS. Leiar i nettverket Marthe Hauge Aase gav ein presentasjon av palliativt team og Nettverket av ressursjukepleiarar i Sogn og Fjordane. Marthe hadde også framlegg av oppgåva som ho skreiv under vidareutdanninga i kreftjukepleie 2015/2016: «Tryggleik og mestring for den palliative pasienten». Marthe opplevde gode tilbakemeldingar og engasjement inn mot denne undervisninga, der 130 tilsette frå sjukehuset deltok.



7.0 Informasjonsutveksling i Nettverket

- **Nyhendebrev**
Det er sendt 2 nyhendebrev til ressursjukepleiarane med siste nytt frå nettverket og KLB i 2017. Brev ligg på nettsida til KLB.
- **Velkomstbrev**
Velkomstbrev med nyttig informasjon vert sendt per e-post til nye ressursjukepleiarar som ”kvittering” for innmelding.
- **Nettsider**
Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) administrerer nettsidene til nettverket i samarbeid med dei regionale medarbeidarane i nettverket. Nettsida vert fortløpande oppdatert. Ressursjukepleiarane har ansvar for å sjekke at opplysningane om dei sjølve er rette og melde endringar direkte til KLB.
- **Facebook**
Sidan desember 2013 har nettverket i Sogn og Fjordane ei eiga facebookgruppe for ressursjukepleiarar. Ressursjukepleiarane brukar gruppa, men aktiviteten er ikkje høg. Også i 2018 skal vi fortsetje med denne facebookgruppa. All skriftleg kommunikasjon i nettverket går via e- post.

8.0 Økonomi

Det blei overført kr 150 964 ved årsskiftet 2016/2017. Overførte middel blei nytta til årleg fagdag i 2017. Nettverket søkte også dette året middel frå fylket sitt kompetanse- og innovasjonstilskot og vart tildelt kr 25 000. Pengane kom inn på konto i oktober 2017. Kostnader for årleg fagdag og introduksjonskurs er dei største utgiftspostane for nettverket. Gjennom tilskotet frå fylkesmannen i 2017 kan nettverket budsjettere for årleg fagdag, introduksjonskurs, stønad til hospitering og fagdagar også i 2018.

Ein ressursjukepleiar fekk støtte til overnatting/reise ved hospitering og tre ressursjukepleiarar fekk støtte til kursavgift/reisekostnad i samband med palliative fagdagar i Bergen i 2017.

Det står kr 136 605 på kontoen til nettverket ved årsskiftet 2017/2018. Det er endå venta inn nokre rekningar frå 2017. Overskot frå 2017 blir overført til 2018.

9.0 Årleg rapportering frå ressursjukepleiarane

Fagutvikling – implementering og bruk av verkty

- ✓ Nasjonale retningslinjer: 93 % av ressursjukepleiarane brukar retningslinjer for symptomlindrande behandling frå Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorgen eller Lindring i Nord til aktuelle pasientar. 47 % seier at retningslinjene er implementerte i avdelinga sitt kvalitetssystem.
- ✓ ESAS-r: 78 % rapporterer at dette verktøyet er tatt i bruk på arbeidsplassen. Berre 4 % seier det er brukt i stor grad, medan 52 % seier det er brukt i moderat grad og 42 % seier det er brukt i liten grad.
- ✓ Individuell plan: 20 % av 59 ressursjukepleiarar hadde i 2017 utarbeidd ein individuell plan.

- ✓ «Livets siste dagar - plan for lindring i livets slutfase»: 41 % av dei 67 ressursjukepleiarane har rapportert at dette verktøyet vert brukt på arbeidsplassen deira.

✓

Organisering

- ✓ Ressursjukepleiarfunksjonen: 61 % rapporterte om at dei ikkje hadde avsett tid til ressursjukepleiarfunksjonen. På frie kommentarar kom det likevel fram at ein del fekk avsett tid dersom det var behov. Av dei 39 % som hadde avsett tid, varierte tida frå ein dag kvar 6. veke til 20 % stilling.
- ✓ Plan for mål som ressursjukepleiar: 42 % av ressursjukepleiarane sa dei hadde hatt eit møte med leiaren sin kring mål for rolla som ressursjukepleiar i 2017. Av dei 43 leiarane som svarte, rapporterte 58 % at dei hadde hatt eit møte med ressursjukepleiar om plan for rolla.

10.0 Oppsummering

2017 har vore eit aktivt år for Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane. Ressursjukepleiarane har hatt godt oppmøte på lokalsamlingane og det har vore god aktivitet på samlingane.

Rapporteringa frå ressursjukepleiarar og leiarar 2017 syner små skilnader frå året før. Det er gledeleg at ressursjukepleiarane rapporterer at nasjonale retningslinjer for lindring vert nytta og at ESAS som kartleggingsverktøy er godt kjent. Målet må likevel vere at desse verktya og retningslinjene blir endå meir implementert i kvalitetssystemet ved den enkelte arbeidsplassen.

Ressursjukepleiarane gjev i årleg rapportering positiv tilbakemelding på det å være ressursjukepleiar. Over 50 % har vore ressursjukepleiar i over 5 år. Ressursjukepleiarane har oppgjeve at jobben er spennande og givande, men også med slitsame og tøffe kvardagar. Kompetanseheving med lokalgruppesamlingar og årleg fagdag vert haldne fram som viktige dagar med fagleg påfyll.

Ressursjukepleiarane opplever ein hektisk kvardag, og det vert framheva at tid til å utføre oppgåva er viktig. Fleire av ressursjukepleiarane rapporterer at dei ynskjer avsett tid til å utføre oppgåva si. Rapporteringa fortel om mange engasjerte ressursjukepleiarar som ser pasientar og pårørande som treng kompetansen deira. Det å ikkje få tid til å ta seg av kreftpasienten og dei pårørande, gjev negativ slitasje på ressursjukepleiaren. Nokre av ressursjukepleiarane framhevar verdien av å være to ressursjukepleiarar saman for felles innsats inn mot kreftpasientane og deira familie. Ressursjukepleiaren har mange oppgåver å ivareta. Som ein sa det i årleg rapportering: «Travle dagar gjer at eg stadig vekk har dårleg samvit for at eg ikkje klarar å ta meg nok av kreftpasientane». Samstundes kjenner mange på at dei vert lytta til av kollegaer, og at pasient og pårørande er takksame for god hjelp. Ressursjukepleiarane framhevar at det å være ein del av nettverket er viktig med tanke på kompetanseheving, kommunikasjon aktørane imellom og tryggleik inn mot å utføre oppgåva si.

Vi som driftar nettverket i Sogn og Fjordane, opplever ei positiv, engasjert og optimistisk haldning når vi møter ressursjukepleiarar og leiarar på samlingane.